

## Vedlegg

### Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og vidaregåande skular – Status handlingsplan pr. 1. sept. 2016

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Status
<p>1. Hordaland fylkeskommune utviklar kvalitetssystemet slik at ein får eit system som i større grad bidrar til å vurdere om alle krav i opplæringslova blir følgt, herunder:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– etablerer eit avviksmeldesystem som bidrar til å sikre at avvik frå opplæringslova blir meldt, handtert og dokumentert</li> <li>– vurderer å gjennomføre risikobaserte stikkprøvekontrollar innanfor ulike område for å bidra til å avdekke avvik frå krav i lov og forskrift.</li> </ul>	<p>a) Utarbeide eigenevalueringsskjema i kvalitetssystemet (jf. Buskerud fk) for krava i lovverket for</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– skuleeigar</li> <li>– skulane</li> </ul> <p>Eigenevaluering skal gjennomførast kvart 3. år.</p> <p>Skuleeigar utarbeider opplegg og plan for tilsynsbesøk (risikobaserte stikkprøvekontrollar) ved eit utval av skular (3-5 skular) i høve krav i lov og forskrift.</p> <p>Prioriterte område:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– HMT/beredskap</li> <li>– Elevane sine rettar til skolemiljø etter opplæringslova kapittel 9A.</li> <li>– Anna</li> </ul> <p>Skuleeigar gjennomfører tilsynsbesøk på eit utval skular underveis i perioden for gjennomgang av krava i lovverket.</p> <p>b) Vurdere behov og rutiner for å melde, handtere og dokumentere avvik.</p>	<p>a) og b) Status des. 15:</p> <p><u>Arbeidsgruppe:</u> Arbeidsgruppe vart etablert med representantar frå opplæringsavdelinga, skular, organisasjonsavdelinga og organisasjonane for å utarbeide eigenevalueringsskjema for krav i opplæringslova. Undervegs har eigenevaluering vore handsama i opplæringsavdelinga si leiargruppe og på møte med organisasjonane. Oppfølging av handlingsplanen har vore tema på regionvise rektormøte.</p> <p><u>Status:</u> Eigenevalueringsskjema er pr desember -15 utarbeidd og digitalisert gjennom bruk av SurveyXact. Det er utarbeidd retningslinjer for eigenevaluering, jf. eige vedlegg. Eigenevaluering må også sjåast i samanheng med system for verksamdbasert vurdering, herunder også oppfølgingssamtale mellom regionleiar og rektor.</p> <p>Under arbeidet med eigenevalueringsskjemaet såg ein behov for eigne retningslinjer for oppfylling av retten elevane har til minste årstimal, jf. eige vedlegg. Utkast til retningslinjene har vore tema på møte med ei ressursgruppe med rektorar, og skulane har hatt høve til å sende innspel til retningslinjene for oppfylling av årstimal. Som bakgrunn for desse retningslinjene har arbeidsgruppa lagt til grunn rapportar frå nasjonalt tilsyn i 2008-2009, samt forvaltningsrevisjonar frå andre fylkeskommunar. I tida framover vert det gjennomført ei nasjonal kartlegging over planlagde og gjennomførte timer ved skulane.</p> <p><u>Implementering:</u> Som ledd i implementeringa av systemet med eigenevaluering vil opplæringsavdelinga legge opp til pilotering ved nokre skular våren 2016. Eigenevaluering vert tema på møte med rektorane. Hausten 2016 vert eigenevaluering gjennomført i full skala.</p> <p><u>Tilsyn:</u> Risikobaserte stikkprøvekontrollar vil opplæringsavdelinga gjennomføre etter arbeidsmåtar som er kjende frå nasjonale tilsyn. Ein har erfaring med at tilsynsmodellen bidreg til å avdekke avvik frå krav i lov og forskrift og ikkje minst bidreg tilsyn til å korrigere og forbetra rutinar og praksis, jf. eige vedlegg om tilsyn. Tilsynsbesøk startar skuleåret 2015-2016. Opplæringsavdelinga vil legge stor vekt på at både eigenevalueringa og tilsynsarbeidet skal bidra til auka kvalitet og læring i organisasjonen.</p> <p><b>Status sept. 16:</b></p>

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Status
	<p>c) Vurdere malen for tilstandsrapporten med tanke på kva data og rutinar som er føremålstenleg i kvalitetsarbeidet.</p> <p>d) Klagerett er med på å sikre at lovkrav vert oppfylt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Informere elevar og føresette om klagerett</li> <li>– Legge til rette rutinar for klage til bruk for elevar og føresette.</li> </ul>	<p>Pilotering er gjennomført. Eigenevaluering vert gjennomført i full skala september-oktober 2016. Skuleeigar vil på grunnlag av resultat frå eigenevalueringa vurdere om det er naudsynt å setje i gong lokalt tilsyn og eventuelt korrigering av interne rutinar.</p> <p>Våren 2016 gjennomførte fylkesmannen i Hordaland nasjonalt tilsyn på følgjande områder:      1. Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, 2. Skulebasert vurdering, 3. Forvaltningskompetanse. I endeleg tilsynsrapport frå fylkesmannen blei tilsynet avslutta med følgjande uttale: «<i>Fylkesmannen finn det sannsynleggjort at dei brota på regelverket som går fram av tilsynsrapportane er retta opp, og avsluttar med dette felles nasjonalt tilsyn 2016.</i>»</p> <p>c) Malen for tilstandsrapporten: Det er laga ein mal for tilstandsrapportering i PULS som er tilgjengeleg for skulane og som forenklar skulane sitt arbeid.</p> <p>d) Klagerett: Informasjon om klagerett og saksbehandling skal vere å finne på <a href="http://www.udir.no">www.udir.no</a> og skulane sine nettsider. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd malar og rettleiingar som er på nettsida. Skuleeigar følgjer opp informasjonsarbeidet.</p>

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Status
<p>2. Hordaland fylkeskommune vidareutviklar plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane ved å utarbeide meir skriftleg rettleiing eller døme på korleis data frå PULS kan nyttast i plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane, mellom anna for å sikre fokus på gjennomføring gjennomføre planlagt opplæring i analyseverktøyet PULS for å sikre at skulane og fylkeskommunen får best mogleg utbytte av systemet</p> <p>– i større grad gi rom for og følgje opp dei skulevise utviklingstiltaka som ikkje direkte kan knytast opp til skuleeigar sine definerte tiltaksområde</p>	<p>a) Vurdere korleis prosjektsider/samlerapportar i PULS kan endrast til å innehalde relevante indikatorar. Gjennomføre endringane.</p> <p>b) Utarbeide rettleiing i bruk av PULS som er direkte retta mot det nye styringsdokumentet. Rettleiinga vert oppdatert i tråd med utviklinga av PULS-verktøyet og vil bli tilgjengeleg i HFK sitt info. system.</p> <p>c) Gjennomføre PULS-kurs for skuleleiarar som vil rette seg spesifikt mot teknisk opplæring i bruk, samt korleis datamaterialet i PULS kan nyttast i skulen sitt utviklingsarbeid.</p> <p>d) I «Mal for skulebesøk» for skuleåret 2014-2015 er det rom for eit breiare fokus på tiltaksområde med sikte på auka gjennomføring.</p> <p>e) Følgje opp forvaltningsrevisjonen sine tilrådingar i samband med revidering av nye styrings- og systemdokument.</p>	<p>a) Status des. 2015: Utarbeiding av ny prosjektside er ikkje gjennomført. Dette grunna nytt system frå 1.6.2016. (PULS-systemet blir erstatta med nytt system)</p> <p><b>Status sept. 16:</b> Frå 15. oktober 2017 blir PULS erstatta med nytt system, «Hjerne og Hjerte», som er utvikla av Rambøll. Det blir arrangert brukarkurs for skulane i november 2016. Brukargrensesnittet i dei to systema er ulike og det vil bli vurdert om det framleis vil vere behov for å lage ei felles prosjektside. Det må også undersøkjast kva tekniske mogelegheiter skuleeigar har til å lage eigne prosjektsider utanfor det ordinære oppsettet.</p> <p>b) Status des. 15: I samband med PULS-sertifiseringskurs i mai 2015, blei det utarbeidd ei PULS-rettleiing for nye PULS-brukarar.</p> <p><b>Status sept. 16:</b> Det vil bli vurdert om det skal utarbeidast ei eiga rettleiing for «Hjernen og Hjertet» etter at opplæringskursa er gjennomført i november 2016.</p> <p>c) PULS-sertifiseringskurs for skuleleiarar blei gjennomført i mai 2015.</p> <p>d) Malen for skulebesøk er forma slik at det er rom for oppfølging av både skulane sine eigne tiltaksområder og skuleeigar sine definerte tiltaksområder:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. I del B1 skal skulen presentere eit sjølvvælt utviklingsprosjekt. Dialogen vil omhandle prosjektet i lys av målet om auka læringsutbytte og fullføring.</li> <li>b. Del C omhandlar tema som kan drøftast ut i frå eit breitt utval av skulen sine utviklingsområde.</li> </ul> <p>e) I nytt styringsdokument for 2016-2018 blir skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde styrka og skulane skal sjølv definere eigne tiltaksområde.</p>

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Status
a) Hordaland fylkeskommune avklarar kva oppfølging rektorane saknar med omsyn til mellom anna økonomispørsmål, og vurdere å vidareutvikle den oppfølginga som blir gitt.	<p>a) Etablere ressursgruppe for økonomispørsmål med representantar for rektorane (ein frå kvar region) der regionleiarane også deltek. Gruppa skal gi innspel m.a. når det gjeld økonomistyring, budsjett og behov for oppfølging.</p> <p>b) Gjennomføre årleg økonomisamling (1 eller 2 dagar) om hausten med særleg vekt på budsjett og tildeling for det komande året. Alle skulane deltek på samlingane</p> <p>c) Gjennomføre møte og rettleiing overfor enkelskular etter behov (meldt gjennom regionleiar).</p>	<p><b>a) – c)</b> Status des. 2015</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Opplæringsavdelinga har etablert ressursgruppa for økonomispørsmål.</li> <li>– Deltakarar i ressursgruppa er oppnemnde med ein rektor frå kvar av dei seks regionane.</li> <li>– Årshjul/møteplan for ressursgruppa er sett opp.</li> <li>– I 2015 har det vore 3? Møte i ressursgruppa.</li> <li>– Årleg økonomisamling er gjennomført.</li> <li>– Møte om økonomi har vore gjennomført med enkelskular etter behov.</li> <li>– Plan for møte og rettleiing overfor kva enkelt skule er utarbeidd.</li> <li>– Møte og rettleiing overfor alle skulane enkeltvis tek til i januar/februar 2016.</li> </ul> <p><b>c) Status sept. 2016:</b> Oppfølgingsarbeidet er blitt meir systematisk ved at det er lagt opp til tettare dialog med skulane. Skulane rapporterer jamleg og får tilbakemelding på status og prognoserapport. Regionleiarar og økonomirettleiarar ved opplæringsavdelinga har gjennomført økonomioppfølgingsmøter med enkelskular etter behov.</p>
b) Hordaland fylkeskommune klargjer regionleiarane si rolle og fullmakter ved at det blir utarbeidd dokument som gjer greie for kva mynde dei er delegert.	<p>Viser til handlingsplan for oppfølging av MU2014 og presiserer tiltak på bakgrunn av forvaltningsrevisjonen:</p> <p>Utarbeide dokument som viser kva mynde regionleiarane er delegert ut frå</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Arbeidsplattforma for regionleiarane inkl. stillingsutlysinga</li> <li>– Fullmaksreglementet</li> </ul>	I samsvar med fullmaksreglement for HFK godkjent i juni 2015 har fylkesdirektør opplæring utarbeidd og sendt reglement med delegering av fullmakter innan opplæringssektoren til fylkesrådmannen. Regionleiarane sitt mynde går fram av dette fullmaksreglementet.
c) Hordaland fylkeskommune prioriterer planlagt arbeid med å utarbeide omtaler av ansvar og prosedyrar innan personalområdet.	<p>Viser til handlingsplan for oppfølging av MU2014:</p> <p>Klargjere prosedyrar og avgjerdssprosess i tråd med fullmaksreglementet for m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Rutineskriv</li> <li>– Overtal</li> <li>– Overføring</li> <li>– Personalsaker</li> <li>– Tilsettingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Møte mellom opplæringsavdelinga og økonomi- og organisasjonsavdelinga med samarbeid om saker til informasjons- og drøftingsmøte på konsernnivå og lokale møte opplæring vert organisert ut frå møteplan for 2016.</li> <li>– Opplæringsavdelinga og økonomi- og organisasjonsavdelinga v/HR samarbeider om planlegging av årshjul med samlingar for skuleleiarar.</li> <li>– I vårhalvåret er lagt opp til faste møte mellom HR og regionleiarane i arbeidet med handsaming av saker knytt til overtal.</li> <li>– Arbeidsgrupper for ulike prosedyrar og samarbeidssaker vert oppnemnd, og opplæringsavdelinga er representert i ulike grupper som t.d. : <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Arbeidstidsavtale.</li> <li>○ Prosedyre for behandling av personalsaker er revidert i 2015. Arbeidsgruppe for</li> </ul> </li> </ul>

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Status
		<p>arbeid med prosedyre for klagehandsaming i personalsaker er etablert.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Livsfasepolitikk.</li> <li>– Samarbeid om informasjon om og oppfølging av personalarbeid, samt samarbeid i personalsaker.</li> <li>– Fast samarbeid mellom HR og Opplæringsavdelinga i omstillingsarbeid t.d. ved samorganisering av skular.</li> </ul>
d) Hordaland fylkeskommune vurderer å utarbeide ein langsiktig strategi for å sikre nødvendig og tilstrekkeleg kompetanse i framtida mellom anna til yrkesfaga.	<p>a) Vurdere behovet for kompetanse og langsiktig strategi i samband med ny hovudrullering av «Plan for kompetanseutvikling»</p> <p>b) Oppstart av desentralisert faglærarutdanning. (Atterhald om nok kvalifiserte søkjavarar). Fleire tilbod i framtida vert vurdert ved behov.</p> <p>c) Opplæringsavdelinga samarbeider med andre avdelingar og eksterne aktørar om framtidig kompetansebehov og rekrutteringstiltak.</p>	<p>a) Status des. 2015: Plan for kompetanseutvikling «Kompetanse for kvalitet» - strategi og tiltaksplan – vert rullert og lagt fram for politisk behandling våren 2016.</p> <p><b>Status sept. 2016:</b> I strategi for kompetanseutvikling 2016-2020, vedtatt i fylkestinget i mars 2016 er ein av hovudstrategiane å utvikle verktøy for systematisk kompetanseutvikling i skulane. Det er no etablert fagnettverk som skal bidra til fagleg kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/fag i tråd med nasjonale og lokale føringar. Kompetanseutviklinga skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i faga der elevar og lærarar si læring står i sentrum. Fagnettverka skal bestå av lærarar, skuleleiarar, skuleeigarrepresentantar og eksterne representantar frå næringsliv og/eller høgskule/universitet.</p> <p>b) Vidareutdanning for yrkesfaglærarar er sett i gang i samband med nasjonal satsing og stipendordning med sikte på å auke talet på lærarar med kvalifisert utdanning.</p> <p>c) Opplæringsavdelinga medverkar i planarbeidet leia av regionalavdelinga: «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft». Det er eit overordna mål at opplæringsavdelinga skal bidra til å setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov. Opplæringsavdelinga vil prioritere desse strategiområda:</p> <p>S 1: Styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering</p> <p>S 2: Styrke samhandlinga med regionalt arbeids- og næringsliv</p>
a) Hordaland fylkeskommune sørger for at skuleeigar i sine rapporter frå	a) I «Mal for skulebesøk» for våren 2015 er auka læringsutbytte og fullføring gjennomgåande tema. Resultat kring gjennomføring vil bli spesifikt omtala under skulebesøka.	Desse tiltaka er vidareført skuleåret 2015-2016.

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Status
skulebesøka systematisk omtalar gjennomføring i tillegg til status på tiltaksområda for å holde fokus på dette overordna målet.	b) I mal for referat og tilbakemelding blir det lagt auka vekt på målet om auka fullføring og systematisk oppfølging.	
b) Hordaland fylkeskommune sikrar at oppfølgingsdialogen med skulane også har fokus på skulen si vurdering av sluttårsaker i tillegg til den informasjonen som går fram av statistikken for å sikre best mogleg tilpassing av tiltak.	<p>a) Skulane sine tilstandsrapportar inneheld analyse av m.a. fråvær, tal sluttarar og årsaker.</p> <p>b) OT/PPT følgjer opp sluttårsaker for den enkelte m.a. i samband med avklaringssamtalar.</p> <p>c) Utvikle tettare kopling mellom OT/PPT og seksjon skule om sluttårsaker til elevane i forkant av skulebesøka.</p> <p>d) Malen for samtale mellom regionleiar og rektor i etterkant av skulebesøk vert presisert for å sikre at sluttårsaker vert vurdert som grunnlag for tilpassing av tiltak.</p>	<p>a) Malen for skulane sin tilstandsrapport er tilpassa forvaltningsrevisjonen sine tilrådingar.</p> <p>b) Utover sluttårsaker som skulen registrerer vert det i avklaringssamtalen med OT/PPT registrert utdjuande opplysingar til sluttårsak. Talet på ungdom som er i Oppfølgingstenesta si målgruppe to skuleår på rad, vert registrert i det nasjonale «Gjennomføringsbarometeret» med eigen «kode» som vert nyttå som ein av fleire indikatorar når det gjeld sluttårsaker og gjennomføring.</p> <p>c) Status des. 2015: Det er innført halvårlege møter mellom OT/PPT og seksjon skule (VBV-team) i forkant av skulebesøka. Det blir arbeidd med å utforme meir konkrete utviklingsområder for dette samarbeidet, knytt til problematikk rundt gjennomføring.</p> <p><b>Status sept 2016:</b> I samband med nytt styringsdokumentet 2016-2018 er det gjort nokre endringar i årshjulet for arbeidet med verksemdbasert vurdering. Skulebesøka er no lagt til perioden februar-mars og ikkje lenger fordelt ut over heile skuleåret. Møta med OT/PPT vil difor bli endra til førebuande møter før skulebesøka og vil ha eit større fokus på sluttårsaker for den enkelte skule.</p> <p>d) Status des. 2015: I samband med innføring av nytt styringsdokument, vil det bli arbeidd med å sikre samsvar mellom innhaldet i skulebesøka og oppfølgingssamtalen i etterkant av skulebesøka. (Dette arbeidet vil ta til våren 2016).</p> <p><b>Status sept. 2016:</b> Forslag til samtalemål er utarbeida og drøfta i regionsmøte med rektora. Sjå vedlagt mal «Leiarsamtale – utvikling og oppfølging». Malen blir prøvd ut haust 2016</p>

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Status
c) Hordaland fylkeskommune sikrar at dei skulane som kunne ha nytte av å sjå kva andre skular lukkast med under liknande vilkår, når det gjeld gjennomføring, får informasjon og blir følgt opp systematisk i høve til dette.	<p>a) Hovudmålet om auka læringsutbytte og auka gjennomføring vert synleggjort på møtearenaer med skulane.</p> <p>Utvikle og styrke delingskulturen mellom skulane:</p> <p>b) Samlingar/kurs vert lagt opp med presentasjonar frå skular, t.d. skulestartkonferansen og <i>Dei gode døma</i>.</p> <p>c) Det vert lagt vekt på å styrke delingskulturen på regionvise møtearenaer, jf. handlingsplan for oppfølging av MU2014.</p> <p>d) Bidra til at skular med like utfordringar kan arbeide i nettverk med erfaringssutveksling.</p> <p>e) Rektorar kan delta på VBV-skulebesøk ved andre skular.</p>	<p>a) På dei fleste samlingane vert hovudmålet omtala, og tema vert knytt til hovudmålet og korleis tiltak kan bidra til måloppnåing.</p> <p>b) Status des. 2015: Skulestartkonferansen vert gjennomført årleg i september. Konferansen <i>Dei gode døma</i> vert gjennomført våren 2016. Skular i HFK og andre deltek med deling av kunnskap og erfaringar. Det er tilsvarende praksis i samband med andre konferansar og samlingar.</p> <p><b>Status sept. 2016:</b> <a href="#">Dei gode døma</a> 10. og 11. mars hadde eit breitt fokus på delingskultur i programmet gjennom presentasjonar frå fleire skular i HFK. Temaet for Skulestartkonferansen 22.-23.09. 2016 er «Skulemiljø» og har presentasjon frå miljøgruppa ved Slåtthaug vgs.</p> <p>c) og d) Status des. 2015: Tilrettelegging for nettverksam arbeid mellom skular vert stimulert gjennom m.a. regionsamling og møte med rektora. Arbeid i grupper regionvis og i grupper på tvers av regionar på ulike samlingar bidreg til utveksling og delingskultur. Skuleeigar vil arbeide vidare med utvikling av nettverk mellom skular, samt nettverk med andre aktørar og samarbeidspartnerar.</p> <p><b>Status sept. 2016:</b> I aukande grad vert det lagt til rette for erfaringssutveksling og deling mellom skulane i regionvise møter og fellessamlingar. Det vert lagt vekt på å stimulere til konkret samarbeid mellom skular.</p> <p>e) Status des. 2015: I vårhalvåret 2016 vert det planlagt at rektora kan delta på skulebesøk på annan skule i samband med VBV-arbeidet.</p> <p><b>Status sept 2016:</b> Våren 2016 starta ordninga med at rektora kan delta på VBV-skulebesøk på annan skule og det var seks rektora/ass. rektora som deltok på andre skular sine skulebesøk. For skuleåret 2016-17 vil ordninga halde fram. Ordninga er frivillig og på dei regionvise rektorsamlingane i juni 2016 blei det drøfta formar for organisering og kva rolle den</p>

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Status
	<p>f) Rektorar kan få høve til å delta i PULS-nettverk med resultatdeling.</p>	<p>eksterne rektoren skal ha under skulebesøket.</p> <p>f) Status des. 2015: Etter avtale mellom enkeltskular kan resultatdeling vere tema knytt til arbeidet med auka læringsutbytte og fullføring.</p> <p><b>Status sept. 2016:</b> Etter avtale mellom enkeltskular kan resultatdeling knytt til arbeidet med auka læringsutbytte og fullføring halde fram i det nye systemet «Hjernen og hjertet». I rektorsamlinga i november 2016 skal Eifred Markussen, NIFU legge fram SØF-rapporten for Hordaland.</p>